



Informasjonsskriv til føresette til barn i barnehagar i Ullensvang herad

Gjeld søknad om barnehageplass frå og med hovudopptaket 2019

Frå og med barnehageopptaket 2019 (hovudopptak) vil søknad om barnehageplass i Ullensvang herad gjerast via Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Dette gjeld om du søker for første gong, du søker endring av plasstype eller om du søker overføring til annan barnehage. Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du loggar deg på føresettportalen, og korleis du i portalen legg inn søknad om barnehageplass.

På nettsida til Ullensvang herad vil det liggja ein link

<https://barnehage.visma.no/ullensvang>

direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Ved å klikka på denne linken, kjem du til innloggingssiden i føresettportalen. Du loggar deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



I føresettportalen har du høve for å velja anten bokmål, nynorsk eller engelsk som språk.

Søknad om barnehageplass består av fem trinn, der du som søker må fylla inn informasjon:

- 1) Opplysningar om barnet
 - a) Fødselsnummer
 - b) Namn
- 2) Kontakt opplysningar om føresette
 - a) Relasjon til barnet
 - b) Mobiltelefonnummer
 - c) E-postadresse
 - d) Legg evt. til medsøkar
- 3) Velg barnehage
 - a) Ynskte oppstartsdato
 - b) Barnehagar i prioritert rekkjefølgje
 - c) Plasstype
- 4) Andre opplysningar
 - a) Morsmål
 - b) Kriterium for opptak barnet fyller
 - c) Dokumentasjon for kriterium der dette vert kravt
 - d) Andre relevante opplysningar
- 5) Kontrollskjema
 - a) Kontroll av opplysningar i søknad
 - b) Innsending av søknad

Søknaden vert sendt elektronisk, direkte frå føresettportalen, til Visma Flyt Barnehage si administrasjonsløysing for opptakstyresmynde til heradet. Når søknaden er sendt, vil du motta ei stadfesting på den e-postadressa du har gjeve i søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylla ut søknad i føresettportalen, kan du ta kontakt med styrar i barnehagane eller med kommunalsjef oppvekst.

Lykke til!

Helsing

Ullensvang herad - Oppvekst